Vestland fylkeskommune

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)
Saksframlegg

Saksnr: 2026/37041-4
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		**08.09.2026**

Høyringsuttale til søknad om auka slukeevne i Kvangreelva kraftverk

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til søknaden om auka slukeevne frå 250 l/s til 480 l/s i Kvangreelva kraftverk, under føresetnad av at auka slukeevne berre kan nyttast når vassføringa i elva overstig 800 l/s og at gjeldande krav til minstevassføring vert vidareført.

2. Vestland fylkeskommune føreset at det vert stilt krav til dokumentasjon og tilsyn som sikrar at driftsvilkåra vert etterlevde.

3. Vestland fylkeskommune føreset at Statsforvaltaren i Vestland som vernemynde for Ålfotbreen landskapsvernområde vert høyrd og uttaler seg om tiltaket i høve til verneformålet før endeleg vedtak vert gjort av NVE.

Samandrag

NVE har sendt søknaden frå Kvangreelva Kraftverk AS om løyve til auka slukeevne i Kvangreelva kraftverk i Stad kommune på høyring med frist 21.8.26. Vestland fylkeskommune har fått utsett høyringsfrist til 11.9.26. Tiltaket inneber ingen nye fysiske inngrep, men utnytting av eksisterande turbin sin unytta kapasitet ved høge vassføringar. Kraftverket ligg i det verna Solheimsvassdraget og i randsona til Ålfotbreen landskapsvernområde, noko som gjer NVE til konsesjonsmynde. Vedtak og saksframlegget i saka sendast til NVE som Vestland fylkeskommune si høyringsuttale.

Robert Rastad
fylkesdirektør

Bård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka
Kvangreelva kraftverk i Kinn kommune fekk konsesjonsfritak i 2001. Kraftverket har i dag ei tillate slukeevne på 250 l/s, men turbinen som er installert har ein kapasitet på 480 l/s.

Kvangreelva Kraftverk AS søkjer no om løyve til å nytte denne kapasiteten. Søknaden gjeld utnytting av slukeevna opp til 480 l/s i periodar der vassføringa i elva er over 800 l/s. Når vassføringa er mellom 800 l/s og 1030 l/s vil slukeevna gradvis aukast opp mot 480 l/s. Vassføring over 1030 l/s vil gå direkte i elva.

Tidlegare søknader om konsesjonsfritak for same tiltak er avslått av NVE og stadfesta av Olje- og energidepartementet (OED). Ettersom kraftverket ligg i det verna Solheimsvassdraget, er NVE konsesjonsmynde i denne saka, jf. unntaket i § 1 bokstav a i forskrift om kommunens myndigheit i mindre vasskraftsaker.

Skildring av søknaden
Søknaden gjeld ikkje nye fysiske inngrep i vassdrag eller terreng. Eksisterande inntak, vassveg, kraftstasjon og nettilknyting vert nytta som i dag. Det einaste som endrar seg er driftsmønsteret. I periodar med særleg høg vassføring vil kraftverket ta inn meir vatn enn det konsesjonsvilkåra i dag tillét.


Figur 1. 3D-flyfoto av vasstrengen som vert påverka. Kjelde: norgeibilder.no


Auka slukeevne vil ifølgje søkjar auke installert effekt frå 0,5 MW til 0,96 MW, og den årlege kraftproduksjonen vil auke med om lag 2 GWh. Det svarar til straumforbruket til om lag 100 husstandar.

Det er montert loggar i Støylsvatnet som gjev data for vassføring i Kvangreelva. Driftsmønsteret kan styrast automatisk basert på desse målingane, slik at slukeevna til kvar tid er tilpassa vassføringa i samsvar med konsesjonsvilkåra.

Verneinteresser
Kvangreelva ligg innanfor det verna Solheimsvassdraget. Vernestatus er eit tungtvegande moment, og NVE har difor kravd ordinær konsesjonsbehandling, noko som mellom anna medfører at det må utarbeidast ei vurdering av verknad på biologisk mangfald.

Bioreg AS har på oppdrag frå søkjar utarbeidd ein biologirapport etter NVE sin rettleiar nr. 6/2018. Rapporten identifiserer fleire verdifulle naturtypar i og langs vassdragsstrengen. For dei konkrete naturtypelokalitetane som er registrerte, konkluderer rapporten med at verknaden av tiltaket

er ubetydeleg, mellom anna fordi det ikkje vert gjort fysiske inngrep og fordi endringar i vassføring berre skjer ved ekstraordinært høge vasstandar.



Figur 2: Flyfoto som viser 7 registrerte naturtypelokalitetar ved Kvangreelva. Kraftstasjonen ligg ved 2-talet på biletet og inntaket er i vatnet lengst nord i biletet. Kjelde: figuren er henta frå Bioreg AS rapport 2023:01.

Samla sett gjev rapporten likevel konsekvensen «Betydeleg miljøskade». Dette skuldast i hovudsak den prinsipielle vekta av at tiltaket skjer i eit verna vassdrag, og ikkje at det er dokumenterte alvorlege skadar på konkrete naturtypar eller artar.

Minstevassføringskravet på 105 l/s heile året vert vidareført. Når vassføringa er under 105 l/s vil alt vatn gå i elva.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse saka jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkesutvalet kap. 7. Høyringsuttale og kap. 27. Vassresurslova.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

Vurderingar og verknader

Fylkesdirektøren merkar seg at tiltaket skil seg frå klassiske vasskraftutbyggingar ved at det ikkje inneber nye fysiske inngrep i naturen. Å nytte kapasiteten i allereie installert turbin er i tråd med prinsippet om at eksisterande anlegg bør utnyttast fullt ut før nye inngrep vert vurdert, og med regionale og nasjonale mål om auka produksjon av fornybar energi.

Samstundes er plasseringa i eit verna vassdrag eit tungtvegande moment. Vernestatus skal ha reell tyding, og fylkesdirektøren meiner det må stillast strengare krav til kva ein kan tillata i verna vassdrag samanlikna med i andre vassdrag. Det bør setjast krav til dokumentasjon av etterleving av vilkår om at slukeevna aukast berre ved høg vassføring.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket gjev ingen direkte økonomiske eller administrative konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Det er NVE som er konsesjonsmynde og som har ansvar for sakshandsaming og oppfølging av eventuelle vilkår. Fylkeskommunen si rolle er avgrensa til å gje høyringsuttale i denne saka.

Klima:
Regionale klimamål og retningslinjer er vedteke i Regional plan for klima 2022-2035, der Vestland har sett mål om netto nullutslepp innan 2030.

Tiltaket bidreg positivt ved at eksisterande infrastruktur vert utnytta betre utan nye naturinngrep, og aukar fornybar produksjon med om lag 2 GWh årleg. Det inneber ingen arealbruksendringar. Auka nedbør som følgje av klimaendringar kan over tid gje tiltaket eit større produksjonsbidrag enn dagens anslag tilseier.

Friluftsliv og folkehelse:
Tiltaket vil ha liten eller ingen praktisk verknad for friluftslivet i området. Sidan det ikkje vert gjort fysiske inngrep i terreng, stiar eller vassdrag, vert ikkje tilgjenge eller ferdsel påverka. Den auka slukeevna er avgrensa til periodar med høg vassføring, og minstevassføringa som ligg i dag vert vidareført, slik at elva ikkje vert meir tørrlagd.

Ei viss reduksjon i synleg vassføring i elvefaret kan likevel oppstå i periodar der kraftverket nyttar meir vatn, noko som kan påverke den visuelle og estetiske opplevinga av vassdraget for turgåarar i området.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:
Tiltaket bidreg positivt til målet om velferd og verdiskaping gjennom auka fornybar kraftproduksjon, og støttar målet om klima og natur ved at eksisterande infrastruktur vert utnytta utan nye inngrep. Plasseringa i eit verna vassdrag representerer samstundes ei spenning mot same mål.

Fisk og vassmiljø:
Fylkesdirektøren forstår det slik at den auka slukeemna frå 250 l/sek til 480 l/sek, berre skal gjelda når det går over 800 l/sek i elva. Med grunnlag i dette vurdera vi det slik at dette vil ha små konsekvensar for fisk og vassmiljø i høve til dagens situasjon i elva. Vi har ikkje avgjerande merknadar knytt til fisk og vassmiljø utover dette.

Sidan øvre del av tiltaksområdet ligg innanfor Ålfotbreen landskapsvernområde, er Statsforvaltaren i Vestland vernemynde og må uttale seg om tiltaket i høve til verneformålet.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til søknaden frå Kvangreelva Kraftverk AS om auka slukeevne frå 250 l/s til 480 l/s i Kvangreelva kraftverk ved vassføringar over 800 l/s.

Tiltaket skil seg frå klassiske vasskraftutbyggingar ved at det ikkje inneber nye fysiske inngrep. Å nytte kapasiteten i allereie installert turbin er i tråd med prinsippet om at eksisterande anlegg bør utnyttast fullt ut før nye inngrep vert vurdert, og med regionale og nasjonale mål om auka produksjon av fornybar energi. Tiltaket bidreg positivt til klimamål, friluftslivsinteresser vert lite påverka, og konsekvensar for fisk og vassmiljø vert vurderte som små.

Samstundes er plasseringa i eit verna vassdrag eit tungtvegande moment. Fylkesdirektøren meiner det må stillast strenge krav til etterleving av vilkår, og at auka slukeevne berre skal nyttast når vassføring i elva overstig 800 l/s. Sidan øvre del av tiltaksområdet ligg innanfor Ålfotbreen landskapsvernområde, føreset fylkeskommunen at Statsforvaltaren i Vestland som vernemynde vert høyrd og uttaler seg om tiltaket i høve til verneformålet.